

Innleiing

Dei siste åra har det skjedd store endringar både nasjonalt og internasjonalt når det gjeld tenestetilbodet til menneske med psykiske lidningar. I Noreg er institusjonskapasiteten bygd ned sidan 1970-talet, og det er skjedd ei oppbygging lokalt gjennom distriktpsikiatriske senter og utvikling av kommunal psykisk helseteneste. Dette er i tråd med anbefalingar frå Verdens Helseorganisasjon. Ein stadig større del av psykiatrisk behandling skjer poliklinisk, og ved oppfølging av psykisk helseteneste i kommunane. Dette stiller heilt nye krav til kompetanse i kommunen og til samhandling nivåa i mellom.

Psykisk lidning i befolkninga

Forekomst av psykiske vanskar i Noreg er forholdsvis stabil, og er svært vanleg i befolkninga. Stadig fleire vert uføretrygda på grunn av psykisk lidning. Psykisk lidning kan debutere i tidleg alder, og er ofte kroniske med gjentatte episodar gjennom livet om dei ikkje vert behandla effektivt. I fylgje Folkehelseinstituttet har 8 % av barn og unge så mange eller alvorlege symptom at dei har ein diagnostiserbar psykisk lidning. Psykisk lidning er ei av dei viktigaste årsakene til sosial utstøying, og har alvorlege konsekvensar i form av sjukefråver og arbeidsuførhet.

Angstlidning, depresjon og rusrelaterte lidningar er dei tre vanlegaste gruppene psykiske lidningar i befolkninga. Antalet personar som har langvarige psykoser som schizofreni og bipolar lidning er relativt stabil. Antalet sjølv mord er på landsbasis nokså stabilt på ca 500 pr. år, dette kan variere litt frå år til år. Personar med personleghetsforstyrrelse, atferdsforstyrrelse og spiseforstyrrelser synes vere aukande. Ein kan såleis trygt seie at psykisk uhelse er eit folkehelseproblem.

Det er vanskeleg å gjere greie for den fullstendige forekomsten av personar med psykiske helseutfordringar / psykisk lidning i Averøy kommune. Bakgrunnen til dette er at det er fleire ”vegar” til hjelpeapparatet – både gjennom poliklinikk, sengepostar på DPS, akuttavdeling, somatisk sjukehus eller til enhet for psykisk helse. Frå psykisk helse i kommunen ser sjukdomspanoramaet ikkje ut til å skilje seg frå situasjonen i landet forøvrig.

Organisering av arbeidet med plan for psykisk helsearbeid

Arbeidet med rullering av den opprinnelege planen for tidsrommet 2007-2010 er lagt til Hjemmebaserte tjenester, Psykisk helse. Ansvarleg er enhetsleder ved hjemmebaserte tjenester. Fagleiar ved enhet for psykisk helse leier arbeidet. Gjennom prosessen har det deltatt representantar frå psykisk helse, fastlegane, helsestasjonen, ruskonsulent. Brukarrepresentant er oppnevnt blant brukarane ved Solhatten dagsenter. Aktuelle brukarorganisasjonar som Mental Helse eller Landsforening for pårørende for har ikkje deltatt, då desse organisasjonane ikkje har lokallag på Averøy. Det har i denne gruppa vore

halde to møte i planleggjinga av innhaldet i planen. I tillegg er det gjennomført eit møte med Ungdomsrådet i kommunen. Ein møtte her eit stort engasjement og interesse for temaet.

Kva er gjort sidan siste planen for psykisk helsearbeid

I tråd med opptrappingsplan innan psykisk helse, har tilbodet i Averøy kommune vert bygd opp. Enheten har lokale på Bremsnes, her er også dagsenter lokalisert. Alle stillingar er besatt med relevant kompetanse. Aktivitetstilbodet ”Turbofrosk” er nedlagt, dette representerer eit tap for ungdomsgruppa.

Relevant lovgrunnlag

Arbeidet innan psykisk helse er regulert av Lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen. Lov om psykisk helsevern regulerer behandling i institusjon, innleggjing, tvang og utskriving – samt mulighet for klage til Kontrollkommisjonen. Lova er viktig å kunne for alle som arbeider innan psykisk helse. Lov om Barnevernstenester er sentral når det gjeld meldeplikta ein har når ein mistenkjer at barn lid overlast. Lov om helsepersonell er gjeldande for alt personell i enheten. Vidare er Lov om Pasient- og bruker rettigheter sentral.

Oversikt over det samla psykiske helsearbeidet

Målsetjing

Målsetjing med det totale psykiske helsearbeidet i kommunen er å bidra til å fremme sjølvstendighet, tilhørighet og styrke evna til å meistre eige liv for menneske med psykiske helseutfordringar og rusproblem. Det er eit overordna mål å redusere den samla psykiske sjukelegheten. Det skal vere eit målretta, fagleg fundert og ein samordna innsats som skal gjevast i brukaren sitt nærmiljø, i tråd med LEON-prinsippet (Laveste effektive omsorgsnivå).

Kommunalt psykisk helsearbeid

I fylgje Helsedirektoratet omhandler psykisk helsearbeid i kommunen tiltak retta inn mot menneske med psykiske vanskar / lidingar og konsekvensar av plagene hjå den enkelte, deira familiar og nettverk. Psykisk helsearbeid er både eit kunnskapsfelt og eit praksisfelt og det omfatter også arbeid på systemnivå som førebyggjing av psykiske lidingar, opplysningsarbeid og anna arbeid for å motvirke stigmatisering.

Psykisk helsearbeid er i sin natur relasjonsarbeid, og instrumentelle metodar er lite eigna i møtet med menneske som har alvorlege psykiske vanskar. Menneske med alvorlege psykiske vanskar har behov for stabil kontakt og oppfylgjing over tid, det er difor viktig å oppnå god

allianse og samhandling med den enkelte. Det forutset kunnskap og kompetanse om å utvikle helande relasjonar.

Fagleg plattform

Det psykiske helsearbeidet i Averøy kommune byggjer på ei fagleg plattform der den enkelte brukar sin **integritet, autonomi, verdighet, respekt og trygghet** for å få nødvendige tenester er grunnleggjande verdiar. Dette er gjeldande både når det gjeld førebyggjande arbeid, så vel som rehabiliterande arbeid. Dette stiller særlege krav til fagleg og personleg kompetanse hjå personalet.

Rehabilitering er sett på fyrst og fremst som ein prosess inne i den enkelte, som fagpersonar skal leggje til rette for og støtte opp om. Brukaren vert den aktive parten. Dette byggjer opp under den enkelte si oppleving av å meistre eigen situasjon.

Begrepsavklaring

Psykisk helse

Psykisk helse refererer til utvikling av evner til å meistre tankar, kjensler, atferd og kvardagen sine krav til ulike livsaspekt. Det handler om emosjonell utvikling, evne til velfungerande sosiale relasjonar, evne til fleksibilitet.

WHO definerer psykisk helse som ”en tilstand av velvære der individet realiserer sine muligheter, kan håndtere livets normale stress, kan arbeide på en fruktbar og produktiv måte og har mulighet til å bidra for samfunnet”.

Psykiske vanskar

Psykiske vanskar refererer til symptombelastning som td grad av angst, depresjon, svevnevanskar osv. Vanskane vil i ulik grad påverke meistring, trivsel og relasjon til andre menneske, men belastninga treng ikkje å vere så stor at det kan stillast ein diagnose. Psykiske vanskar kan vere normale reaksjonar forbunde med ein vanskeleg situasjon.

Psykisk lidning

Psykisk lidning refererer til psykiske vanskar av slik type eller grad at det kvalifiserer til ein diagnose etter internasjonale diagnosesystem. Diagnosen vert stilt på bakgrunn av klinisk intervju.

Brukargruppa og avgrensing av denne

Ein tredjedel av den norske befolkninga vil ha ein eller annan psykisk lidning i løpet av eit år, og halvparten vil bli ramma ein eller annan gong i løpet av livet. Personar med psykiske helseutfordringar finst i alle grupper av befolkninga og behovet for behandling, omsorg og sosiale støttetiltak varierer sterkt mellom ulike brukargrupper og over tid.

Det psykiske helsearbeidet i Averøy kommune omfattar:

- Barn og unge med behov for oppfølging av ulike årsaker, herunder barn som er utsatt for overgrep, vald, eller er eksponert for vald
- Vaksne og eldre med psykiske lidningar, som har både kortvarige og langvarige hjelpebehov, herunder vaksne med psykiske vanskar som har bakgrunn i vald, overgrep, voldtekt
- Personar som har vore utsatt for kriser og katastrofer
- Personar som har samstundes psykisk lidning og rusproblem, herunder også personar som er i LAR-systemet (legemiddelassistert rehabilitering)
- Personar med flyktningebakgrunn

Det er også i Averøy ei stor gruppe eldre som er ramma av demenssjukdom. Hjemmetjenesten bruker 20 % av sine ressursar til stilling for demenskoordinator, som skal koordinere tilbodet til denne gruppa utanfor institusjon. Dette er i påvente av politisk avklaring. Enhet for psykisk helse har såleis ikkje denne pasientgruppa som prioritert område, men kan i enkeltstående tilfelle bistå med å gjere vurderingar når det gjeld psykiske vanskar, samt vere rådgjevarar overfor personell. Fagleiar bistår også med undervisning ved Pårørendeskolen, samt alle i enheten kan bidra med støttesamtalar med pårørande til personar med demens.

Målsetjing for planperioden

- Gjeve tilbod til oppfølging / behandling for alle grupper som er skissert
- Auke kunnskap om og forståing for personar med flyktningebakgrunn
- Medarbeidarane skal møte den enkelte med oppdatert kunnskap og ei tydeleg verdiforankring i møtet med den enkelte

Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er ei arbeidsform der enkeltpersonar eller organisasjonar påverker ei teneste eller korleis denne tenesta vert utforma. Dette skal ha som mål å rette opp svikt og bristar og såleis få ei betre teneste.

Averøy kommune har ikkje noko etablert samarbeid med Mental Helse eller pårørandeforening, som er to sentrale organisasjonar, då desse ikkje har organisasjon i

kommunen. Brukarmedverknad i tenesta for psykisk helse føregår via allmøte på Solhatten dagsenter, kor brukarane er med og avgjer kva tilbodet skal vere i senteret til einkvar tid.

Målsetjing for planperioden

- Alle i enhet for psykisk helse held seg oppdatert om relevante brukarorganisasjonar og informerer bruksgruppa om desse.
- Brukarmedverknad i enheten held fram som no – i allmøte på Solhatten dagsenter, kor brukarane er med og utformer tilbodet som vert gjeve.

Organisering

Psykisk helsearbeid vert utført i fleire delar av kommunen sitt tenesteapparat og inkluderer alle aldersgrupper. Målet er at personar med psykiske vanskar skal få dekka sine behov for tenester frå det kommunale hjelpeapparatet på lik linje med befolkninga forøvrig.

I Averøy er det psykiske helsearbeidet organisert som ein del av hjemmebaserte tjenester i kommunen. Enhetsleder er administrativ leiar. Fagleiar er ansvarleg for den daglege, faglege drifta og koordineringa. All rapportering skjer gjennom enhetsleder for hjemmebaserte tjenester.

Averøy kommune har også tiltak innanfor psykisk helsearbeid som sorterer under andre enhetar i kommunen. Helsestasjonen mottok midlar tilsvarande 0,25% stilling for å organisere eit tilbod gjennom skulehelsetenesta.

Psykisk helse har ikkje ressursar tilgjengeleg i helger, då er arbeid med blant anna medisintilbod lagt til personell i heimetenesta. Denne reduserte tilgjengelegheten på helg kan framstå som problematisk for nokre av brukarane.

Dersom brukarane treng augeblikkeleg hjelp ved td. innleggjing i institusjon i helger, må dei kontakte legevakt.

Målsetjing i planperioden

- Den noverande organisasjonsforma held fram også i neste planperiode.

Samla oversikt over stillingar / kompetanse i enheten pr. des. 2014

Fagleiar psykisk helse	100 % stilling
Psykisk helsearbeidar	100 % stilling
Psykisk helsearbeidar	80 % stilling
Psykisk helsearbeidar	60 % stilling
Dagleg leiar i dagsenteret	100 % stilling
Aktivtør i dagsenteret	70 % stilling

Den samla kompetansen i enheten er per i dag god. Alle psykisk helsearbeidarane har grunnutdanning som sosionom eller sjukepleiarar, alle har vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Vidare har ein i enheten kompetanse i psykosearbeid, familierapi, folkehelsevitenskap, gruppeanalyse, traumer, sorgarbeid. Fagleiar har godkjenning som høgskulelektor, og er godkjent veileidar. Ein ser det imidlertid som ein svakhet at kompetanse er personavhengig. Fleire av dei tilsette vil også i neste planperiode gå av med pensjon / redusere stilling pga alder. Dette stiller krav til vurdering av kva kompetanse som er ynskjeleg i framtida, samt til aktiv og langsiktig rekrutteringspolitikk.

Manglande kompetanse

Ein mangler spesifikk kompetanse på området rus / dobbeldiagnoser. Sjølv om har utvikla eit samarbeid med ruskonsulent, er det likevel ynskjeleg med denne kompetansen i enheten.

Målsetjing i planperioden

- I løpet av neste planperiode skal ein medarbeidar få vidareutdanning i rusarbeid
- Ved utlysning av fagleiarstilling vert det stilt krav om / eller vert lagt til rette for veileidarutdanning
- I planperioden vert det heile tida vurdert kva kompetanse som er nødvendig for å møte behova i befolkninga

Tilgang på tenestene i psykisk helse

Alle tenestene i psykisk helse er eit lågterskeltilbod. Henvisningane kjem frå ulike instansar og samarbeidspartar som fastlege, enhetar i spesialisthelsetenesta, heimetenesta, NAV, skulepersonell, helsestasjon etc. Men einsskilde personer kan også vende seg til enheten for å få tilbod. Det er ikkje nødvendig med henvisning.

Alle som vert henvist eller sjølv vender seg til enheten, vert innkalt til ein vurderingssamtale kor ein saman med brukar / klient avklarar kva som er nødvendig av oppfølging framover. Denne vurderingssamtalen skal skje innan ei veke etter henvendelsen er kome. Oppfølging kan skje ved samtalar i heimen, i våre kontor, dagsenteret / aktivitetssenteret. Samtalen kan vidare føre til henvisning til spesialisthelsetenesta i samarbeid med fastlegen.

Målsetjing i planperioden

- Alle henvendingar vert fortløpande vurdert ved eininga. Fyrstegongsamtale/ vurderingssamtale skal skje innan ei veke med personell i psykisk helse. Alle skal få tilbod om vurderingssamtale.
- Oppfølgingsbehov skal avklarast og skje i samarbeid med klient / brukar.
- Medarbeidarane i psykisk helse skal vidareutvikle god kvalitet, gode vurderingar og gode rutiner for fyrstegongssamtalar.

Beskrivelse av dagens tenestetilbod

Helsetenester til menneske med psykiske lidingar utgjer hovudtyngda i kommunen sitt psykiske helsearbeid og det omfattar førebyggjing, utgreiing og behandling, rehabilitering og oppfylgjing, psykososial støtte og veiledning. Psykisk helsearbeid inkluderer også tiltak for å fremme psykisk helse i befolkninga og førebyggje psykiske vanskar, det må såleis setjast inn tiltak på mange område.

Enhet for psykisk helse er i Averøy lokalisert på Bremsnes. Det er organisert som "eit utarbeidande team" og eit dagsenter / aktivitetssenter. Det utarbeidande teamet tek mot henvisningar, vurderer desse og kartlegg situasjon / oppfylgjingsbehov. Problemområde kan vere alle typer psykiske vanskar og lidingar. Oppfylgjing kan skje gjennom støttesamtalar / motiveringssamtalar, i heimen eller på enheten sine kontor, gjennom trening i å meistre dagleglivet sine aktivitetar og gjeremål, eller bistand til å administrere medisiner. Ein søker å gjeve individuell oppfylgjing tilpassa den enkelte sitt behov. Ein vurderer også om spesialisthelsetenesta er rett nivå for behandling av den enkelte. Denne vurderinga skjer i samarbeid med fastlege.

Målsetjing i planperioden

- Oppretthalde tilbodet på dagens nivå
- Utvikle medarbeidarane sin kompetanse slik at dei kan møte den enkelte sine problemstillingar på ein fagleg god og forsvarleg måte. Dette skjer gjennom relevant etterutdanning, deltaking på kurs og internundervisning
- Utvikle kompetanse på traumefeltet og vold i nære relasjonar
- Vedlikehalde og utvikle medarbeidarane sin kompetanse gjennom fagleg og personleg veiledning
- Arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø slik at den enkelte medarbeidar kan oppleve fagleg utvikling og arbeidsglede

Sosialt fellesskap og meningsfulle aktivitetar

Menneske med psykiske vanskar / psykiske lidingar har ofte mindre sosialt nettverk enn andre. Behovet for tilhørighet og kontakt med andre er likevel viktig også for dei. Samstundes er det viktig å take omsyn til at mange kan vere sårbar i mellommenneskelege forhold. Sosiale møteplassar i trygge omgivelser skal gjeve brukarane ei kjensle av fellesskap, støtte, trygghet, tilhørighet og gjeve mulighet for vekst og utvikling.

Solhatten dagsenter er eit tilbod for vaksne med ulik grad av psykiske vanskar. Målsetjinga er auka livskvalitet og meistringsevne, samt motvirke isolasjon og einsemd.

I dagsenteret vert det tilbode ulike handverksaktivitetar, matlaging, ulike sosiale arrangement. Det vert lagt stor vekt på fysisk aktivitet, ein har tilbod om trening i treningscenter, fysisk

aktivitet både i nærområdet og i nærkommunane. Stikk-Ut turar vert mykje brukt. Det vert servert lunsj kvar dag, middag ein gong i veka.

Vidare er det tilbod om jamnlege samtalegrupper og pasientundervisning om tema relatert til psykiske vanskar. Ein søker å gi undervisning to gonger pr. semester.

Det er eit tett og nært samarbeid mellom dagsenteret og det utarbeidande teamet.

Målsetjing i planperioden

- Oppretthalde tilbodet på dagens nivå
- Utvikle tilbodet slik at ein betre når yngre personar
- Utvikle tilbodet slik at ein betre møter behovet den enkelte brukar har
- Utvikle kompetansen til medarbeidarane i senteret gjennom veiledning, internundervisning og relevante kurs
- Arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø slik at den enkelte kan oppleve fagleg utvikling og arbeidsglede

Bistand ved kriser og katastrofer

Ein viktig del av det kommunale psykiske helsearbeidet er støtte til menneske som opplever alvorlege kriser og traumer i livet. Den utløysande krisa kan vere ulykker, brå død, sjølv mord, voldtekt, terrorhandlingar etc. Målet ved intervensjon etter slike hendingar er å hindre at involverte personar utvikler posttraumatisk stresslidning gjennom å styrke den ramma sin evne til meistring, samt involvere den enkelte sitt nettverk.

Averøy kommune har oppretta psykososialt kriseteam som skal bistå personar som er ramma av kriser og katastrofer. Fagleiar psykisk helse er leiar av teamet. Øvrige medarbeidarar er ressurspersonar overfor kriseramma når kriseteamet har avslutta sitt arbeid.

Målsetjing i planperioden

- Medarbeidarane skal utvikle fagleg og personleg kompetanse innanfor krisehandtering og i traumefeltet, herunder ny kunnskap innan sorg
- Arbeidet etter kriser og katastrofer skal vere i høve til statleg veileidar når det gjeld psykososialt støttarbeid ved kriser og katastrofer

Arbeid med vold i nære relasjonar

Vold i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem. Vold skaper utrygghet, tap av velferd og begrenser den enkelte sin livsutfoldelse. Vold skaper store helseplager hjå den som vert utsatt. Vold er definert som einkvar handling retta mot ein annan person, som gjennom at

denne handlinga skader, smerter eller krenker, får denne personen til å gjere noko mot sin vilje, eller slutter å gjere som den vil. Vold er ei relasjonell handling der essensen er makt og fysiske påført ubehag, smerte eller skade. Vold skjer i alle samfunnslag, og det er store mørketal når det gjeld omfang. For barn er det særleg skadeleg å vere vitne til vold.

Målsetjing i planperioden:

- Voldsutsatte skal oppleve at dei får den hjelpa dei treng i kommunen eller i kommunens regi
- Averøy kommune utarbeider handlingsplan mot vold i nære relasjonar kor tilsette i Hjemmesykepleien innen psykisk helse kan bistå i arbeidet
- Fagkompetansen må aukast, slik at ein avdekkar vold tidleg på eit godt fagleg grunnlag
- Arbeide for større openhet om vold i nære relasjonar og lågare terskel for å be om hjelp
- Personar frå Averøy kommune som oppheld seg på Nordmøre krisesenter kan få samtalar / oppfølging frå psykisk helse

Førebyggjande psykisk helsearbeid

Folkehelsearbeid handler om samfunnet sin totale innsats for å oppretthalde, betre og fremme helse i ei befolkning. Det inneber å svekke det som medfører helserisiko og å styrke det som bidrar til betre helse. Folkehelsearbeid handler om å ivareta både den fysiske og psykiske helse til befolkninga.

Enhet for psykisk helse i Averøy ser det viktig å informere om psykiske vanskar / lidingar, slik at ein kan bryte ned tabu og byggje opp under den enkelte sin meistring.

Målsetjing i planperioden

- Gjennomføre eit ope kveldsseminar kvart semester med utvalde tema innan psykisk helse-området som vedgår alle grupper i befolkninga
- Oppstart av sorggrupper hausten 2015

Tiltak for barn og unge

Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjon og skulehelseteneste har som mål å fremme god helse blant barn og unge. Tenesta spelar ein sentral rolle i det førebyggjande arbeidet for barn og unge. Helsestasjon og skulehelsetenesta er også den einaste plassen kor helsetenesta treffer alle barn og unge. I tidleg alder treffer ein også både barn og foreldre.

Enhet for psykisk helse ser det som viktig å bruke ressursar overfor denne gruppa, og ein har prioritert ungdomsgruppa. Dette har bakgrunn i at ein ser ungdomsgruppe som ei utsatt gruppe når det gjeld utvikling av psykisk uhelse.

Målsetjing i planperioden

- Ein medarbeidar frå psykisk helse eller helsestasjonen har kontortid på ungdomsskulen minimum ein halv dag pr. veke. Dette skal vere eit lågterskeltilbod og skal kunne utvidast dersom behovet tilseier det.
- Gi, i samarbeid med skulen, undervisning for elevar og foreldre når det gjeld tema ungdom, rus og psykisk helse.
- Psykisk helse tek del i relevante møtefora på helsestasjonen, td. samarbeidsmøte med BUP, barnevernet, PPT.

Samarbeidsressursar / samhandling

Tverrfaglegheit

I psykisk helsearbeid møtest ulike faggrupper med ulik tilnærming til dei vanskane som skal løysast. Det er sentralt å fremme eit tverrfagleg perspektiv som samlar dei ulike fagperspektiva. Det er viktig at dei ulike deltenestene har nødvendig og relevant kompetanse innan psykisk helsefeltet slik at brukarane med psykiske vanskar vert møtt på ein god måte og får eit individuelt tilpassa tilbod.

Samhandling internt i kommunen

Fastlege

Fastlegen har ein viktig rolle både i oppstarten og i den vidare oppfylginga av menneske med psykiske lidningar. Dei har ofte den fyrste kontakten med desse pasientane og sørgjer for at dei får ei oppfylging og behandling. Dette kan både ved vidare konsultasjonar hjå fastlegen og / eller ved at ein henviser vidare til kommunal psykisk helseteneste, psykiatrisk poliklinikk, DPS eller psykiatrisk avdeling. Fastlegen er ansvarlege for den medisinske behandlinga og har som regel eit tett samarbeid med den kommunale psykisk helsetenesta. Fastlegen kan også fungere som ”døråpnarar” for tenester frå NAV.

I Averøy kommune er det ingen fast samhandling i form av faste møtetider mellom fastlegane og psykisk helse. I praksis stiller fastlegane i stor grad opp når det gjeld enkeltbrukarar, og ein opplever at ein ivaretek brukarane sine behov på denne måten.

Målsetjing i planperioden

- Ein held fram samarbeidet med fastlegane i noverande form

NAV

Kommunalt rusarbeid

Målsetjinga med det kommunale rusmiddelarbeidet handler om å redusere bruk og misbruk av rusmidlar. Det er viktig å ha eit særleg fokus på ungdom, for å hindre at dei starter med bruk av rusmidlar.

Med rusmiddelmissbrukarar meiner ein både alkohol og narkotikabrukarar. I lovverket er det ikkje skilje mellom legale og illegale rusmidlar. Eit rusmiddelmissbruk kan også ramme fleire, td nær familie og barn.

Det kommunale rusarbeidet i Averøy kommune er organisert i NAV-kontoret. Det er tilsatt ein ruskonsulent som har i oppgåve å bistå enkeltpersonar og pårørande som har problem knytta til rusmiddelmissbruk. Ruskonsulenten samarbeider tett med enhet for psykisk helse når det gjeld personar med tverrfagleg oppfylgingsbehov, ruskonsulenten tek del i samarbeidsmøte ved enhet for psykisk helse ein gong i veka

Averøy kommune har utarbeida ruspolitisk handlingsplan.

Boligsosialt arbeid

Kommunen har ansvar for å bistå personar med behov for hjelp til å skaffe bustad. Vidare skal kommunen sørgje for å skaffe midlertidig butilbod for bustadslause. Det er tilsatt prosjektleiar for å utføre dette arbeidet. I løpet av 2014 er det blitt bygd 5 kommunale bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Ei utfordring ein vil møte er at fleire vil ha behov for tilrettelagt bustad med bemanning / personalbase. Dette har ein ikkje i dag, men ein ser eit klart behov for oppfølging av personale om dei skal meistre å bu i eigen bustad.

Averøy kommune har utarbeida boligsosial handlingsplan.

Bekjempelse av barnefattigdom

NAV Averøy har sidan 2011 mottatt økonomisk tilskot til å bekjempelse av barnefattigdom i kommunen. Det er satt i gang tiltak som skal sikre at barn i vanskelegstilte familiar i større grad skal kunne take del i aktivitetar, samt få mulighet for å deltake på ferieturar. Som eit ledd i dette arbeidet har kommunen valgt å deltake på det fylkeskommunale prøveprosjektet for etablering av ”opplevelseskortet” for vanskelegstilte barn. Frå 2015 har ein ikkje lenger øyremerka midlar til bekjempelse av barnefattigdom. NAV er likevel plikta til å gjere individuelle vurderingar knytta til om barna sine behov er tilfredsstilt.

NAV Averøy kan bistå med økonomisk rettleiing for familiar som treng bistand knytta til personleg økonomi.

Tiltak / virkemidlar for sjukemeldte

NAV har vidare tilgang på behandlingstilbod for arbeidstakarar / sjølvstendig næringsdrivande med lettare, eller samansatte, psykiske lidningar.

Målsetjing i planperioden

- Samarbeidet med NAV held fram i noverande form

Samhandling utanfor kommunen

Helse Møre og Romsdal

Ein stor del av dei som bruker kommunale psykiske helsetenester, har også spesialisthelsetenester frå Psykisk helsevern i Helse Møre og Romsdal. Mange vert utreda og er komen i gong med behandling før dei søker om kommunale tenester, eller dei kan ha vore i det kommunale tenesteapparatet før dei vert søkt innlagt i spesialisthelsetenesta. Dette krev eit nært samarbeid mellom nivåa i tenesta for å få eit heilskapleg tilbod for pasienten. Det er særleg viktig med gode rutiner ved utskriving, dette for å hindre tilbakefall og sjølv mord.

Fylgjande seksjonar i Helse Møre og Romsdal er aktuelle samarbeidspartar:

DPS-Kristiansund, døgnsesksjonen, har 20 døgnplassar. Seksjonen gjev utgreiing, behandling og rehabilitering innanfor eit breitt spekter av psykiske lidningar. Det vert lagt vekt på miljøterapi, fysisk aktivitet i tillegg til ulike individuelle og gruppebaserte tilnæringsmåtar.

DPS-Kristiansund, poliklinikk, skal gjeve spesialisert utgreiing, diagnostikk og behandling innan eit breitt spekter av psykiske lidningar. Tilbodet består av individual- og gruppebehandling, samarbeid med det somatiske tilbodet, behandling av rus- og avhengighetstilstander.

Helse Møre og Romsdal, seksjon for akuttpsykiatri, tilbyr utgreiing og behandling av vaksne innlagt med ulike psykiske lidningar – angst, depresjon, psykoser, bipolar lidning, personlegheitsforstyrrelser etc. Seksjonen skal ivareta sjukehuset si lovpålagte plikt til å yte augeblikkeleg hjelp til personar over 18 år. Seksjonen har 12 sengeplassar.

Helse Møre og Romsdal, Seksjon for alderspsykiatri, skal gjeve spesialisthelsetenester til eldre med psykisk lidningar som oppstår i aldersgruppa over 65 år. For demensutgreiing er det ingen aldersgrense.

Helse Møre og Romsdal, Seksjon for utgreiing, skal utgreie og initiere behandling hjå pasientar med alle typer psykiske lidningar. Tilbodet er tverrfagleg, og tilbyr både individual- og gruppebehandling. Seksjonen har 10 sengeplassar og er lokalisert på sjukehuset i Molde.

Helse Møre og Romsdal, Klinikk for barn og unge, gjev poliklinisk tilbod til barn og unge frå 0-18 år. Målet er å leggje til rette for at personar som har vanskar med tankar, kjensler og atferd skal få eit heilhetleg tilbod. Tilbodet er tverrfagleg, og ein legg vekt på deltaking frå foreldre og / eller andre viktige personar for barnet.

Helse Møre og Romsdal, Ungdomspsykiatrisk sengepost, er eit tilbod til unge mellom 12 og 18 år. Tilbodet er observasjon, utgreiing og behandling gjennom samtaleterapi, miljøterapi, foreldrearbeid, informasjon, veiledning og samarbeidsmøte. Enheten har 10 sengeplassar, og er eit tilbod for heile Møre og Romsdal.

Målsetjing i planperioden

- Ein søker å utvikle gode og forsvarlege samarbeidsrutiner om pasientar som er innlagt, særleg i forhold til utskriving.

Økonomi

Ansvar 3840 psykisk helse

Resultat	2012	2013	2014	Budsjett	2015
Lønn	2 003 003	2 141 559	2 417 429	Lønn	2 411 000
Andre driftsutgifter	182 347	170 276	238 464	Andre driftsutgifter	218 000

Det har ikkje vore vekst i fht. auka antal tilsette i enhet for psykisk helse i den siste planperioden.

Målsetjing i planperioden

- Enheten skal forhalde seg til gjeldande økonomiske rammer
- Enheten skal utvikle tenesta innanfor gjeldande økonomiske rammer